

Fra: Reidun Aaker <Reidun.Aaker@aal.kommune.no>

Sendt: 02.03.2015 08:27:27

Emne: 15/00472-1 - Høyring - nye energikrav til bygg - dykkar ref 15/1311

Ål kommune har følgjande innspel til framlegg til nye energikrav til bygg:

Pkt. 2.5 inneheld arealgrenser knytt til omgrepet "oppvarmet areal", som er eit nokså svevande arealomgrep i byggesakshandsaminga. Illustrerande nok er ikkje "oppvarmet areal" med i definisjonane i ordlista side 4. I byggesøknaden skal romfunksjon påførast planteikningane for bygget. Opphaldsrom er "varme" rom, medan bodar er "kalde" rom. Dette opnar for ei utstrekkt manipulering for å koma under arealgrensene på 70 og 150 m² "oppvarmet areal". Mange rom kan påførast "bod" på planteikningane i søknaden, og i røynda innreist til soverom etter at bygget er ferdig. å søkja om 70 eller 150 m² "oppvarmet areal" først, og så seinare søkja om bruksendring av bodene til soverom, vil påføra kommunane mykje ekstra byråkrati. Skal vi godkjenna eller avslå bruksendring av bodrom, når "oppvarmet areal" overstig 70 eller 150 m²? Ein bør i staden bruka heile bygget sitt reelle bruksareal som arealgrense heilt frå starten. Då tek ein høgde for at tiltakshavarane kan fritt endra på rombruken etterpå, utan å koma på kant med lova.

Arealgrensa på 70 m² "oppvarmet areal" for hytter, kan i seg sjølv auka talet på byggemeldte hytter under 70 m². Problemet er at dette vert eit augneblinksbilete knytt til søknadstidspunktet. I neste omgang søker dei om tilbygg på 50 m². Då er hytta plutsleg 120 m², med låg energistandard. 70 m² grensa for hytter er kunstig. Dei fleste typiske hyttekommunar med fjellhytter med stor oppvarmingstrong, har planføresegner med arealgrenser langt over 70 m². Samfunnsmessig må det vera betre å byggja 120 m² med god energistandard heilt frå starten, enn å byggja 70 m² + 50 m² for å spare pengar på byggekostnaden. Ein kan fort sjå føre seg at aktørar i bransjen tilbyr modulbygg (70 m²) tilpassa arealgrensa i energireglane, og tilbyggsmodular som enkelt kan koplast på seinare. Slike modulløysingar gjer at desse hyttene som i utgangspunktet var 70 m², fort overstig 70 m², heilt opp mot 150 m², men med energistandard identisk med hytter < 70 m².

Konklusjon:

150 m² grensa bør vera eit tilstrekkeleg energikravskilje for hytter, og må inkludera heile bruksarealet i bygget - både "kalde" og "varme" rom. "Oppvarma areal" må fjernast, fordi det kompliserer byggesakshandsaming og tilsyn. 70 m² grensa vil gjelda så få nye hytter, at den bør fjernast.

Med venleg helsing

Reidun Aaker
Drifts- og utviklingssjef Ål kommune